



Helgesen Tekniske Bygg AS  
Reigstadvegen 1  
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/231 - 23/13569

Saksbehandlar:  
Sture Helle  
sture.helle@osteroy.kommune.no

Dato:  
12.06.2023

## Mellombels bruksløyve , garasje- gbnr 92/4, no 92/37 Hole

### Administrativt vedtak. Saknr: 168/23

**Tiltakshavar:** Mjøs Metallvarefabrikk AS  
**Ansvarleg søkjar:** Helgesen Tekniske Bygg AS  
**Tiltak:** Riving av bygning og oppføring av ny garasje - terrengtilpassing og omlegging av veg  
**Søknadstype:** Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

### Kommunedirektøren sitt vedtak:

"Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for heile tiltaket på gnr. 92 bnr. 4 på følgjande vilkår:

1. **Frist for innsending av søknad om ferdigattest er 20/09/2023."**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 10/03/2023 saknr. 082/22 .

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. porter og gipshimling.

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket: rivning av hus og oppføring av garasje.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for søknad om ferdigattest til: 31/08/2023

### VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heile tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

### Skildring

Adresse:	Gnr. 92 bnr. 4.
Bygningstiltak:	Riving av bygning og oppføring av ny garasje - terrengtilpassing og omlegging av veg
Bygningsnummer:	

### Mellombels bruksløyve

Dersom fristen for ferdigstilling vert overskriden, oppstår det eit ulovleg tilhøve og kommunen skal gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Pålegget kan følgjast opp med tvangsmulkt eller førelegg for dei ansvarlege.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. plan- og bygningslova § 20-1, bokstav d.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 13-1, 6. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b. Det er høve til å be om utsett iverksetjing, jf. forvaltningslova § 42, 1. ledd. Part har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27, 3. ledd, jf. §§ 18 og 19.

### Til orientering

Kopi av dette vedtaket, og andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/231.

Med helsing

Tore Johan Erstad  
leiar

Sture Helle  
Sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Helgesen Tekniske Bygg AS  
Mjøs Metallvarefabrikk AS

Reigstadvegen 1 5281  
Tveitavegen 25 5282

VALESTRANDSFOSSEN  
LONEVÅG